



**Nemndsvedtak i sak 2007/04**

**Klagar:** Elevar i rettslære ved  
Ullern vidaregåande skule  
v/ lektor Dag Nystrøm  
0159 OSLO

**Innklaga:** Christiania Kaffebryggeri AS  
Postboks 509  
1327 LYSAKER

**Kva saka gjeld:**

Christiania Kaffebryggeri har avtale med Ullern vidaregåande skule om levering av kaffi og lån eller leige av maskin som produserer kaffi og andre varme drikker.

Elevar i rettslære ved skulen kontakta Christiania Kaffebryggeri for å få svar på om drikkene dei leverer inneheld transfeitt og eventuelt kor mykje transfeitt som finst i produkta.

Skulen sendte brev og e-post til Christiania Kaffebryggeri, men fekk ikkje svar. Dei tok også opp saka med ein av dei tilsette i Christiania Kaffebryggeri då denne var på skulen for å yte service på maskinen.

Rettslæreelevane ved lektor Dag Nystrøm klaga etter dette Christiania Kaffebryggeri inn for klagenemnda.

**Saksgangen:**

Lektor Dag Nystrøm skriv at e-post blei sendt Christiania Kaffebryggeri den 10. februar 2005, etterfølgt av eit vanleg brev den 14. juni 2005. Spørsmåla blei stilte munnleg til ein av innklaga sine tilsette i januar 2007. Nytt brev blei sendt til innklaga den 13. mars 2007.

Klagar fekk ikkje svar og klage blei sendt til klagenemnda den 26. mars 2007.

Sekretariatet underretta Christiania Kaffebryggeri om klagen i brev av 27. mars 2007. I brevet blei det sett ein tilsvarsfrist på tre veker.

Christiania Kaffebryggeri har sendt tilsvaret i saka, datert 17. april 2007. Klagar har fått tilsvaret til gjennomlesing og kommentar der klagen blir opprettheldt.

**Klagaren gjer gjeldande:**

Christiania Kaffebryggeri må svare på om drikkene dei leverer inneheld transfeitt og eventuelt kor mykje transfeitt som finst i produkta.

Maskina lager åtte typer varmdrikker. Fleire av desse har "sjoko-" i namnet og andre har smak av sjokolade. Det er då ikkje tilstrekkeleg når innklaga svarer at "sjokoladedrikken", inneheld transfeitt.



Det er ikkje godt nok at innklaga svarer at det er "minimal forekomst" av transfeitt. Det er upresist når Christiania Kaffebryggeri skriv at det ikkje er meir enn 2 gram per 100 gram feitt.

## **Innklaga gjer gjeldande:**

Transfeitt finst naturleg i melk og kjøt. I tillegg finst det i produkt som inneheld herda feitt. Innhaldet av transfeitt i norskprodusert margarin og bakervarer har minska. Det er spesielt importerte kjeks, kaker, brød, anna bakverk og andre feithaldige produkt som inneheld relativt mykje transfeitt.

Det einaste av produkta Christiania Kaffebryggeri leverer og som kan ha ein minimal førekomst av slikt feitt, er sjokoladedrikken.

Ingen av produkta Christiania Kaffebryggeri leverer inneheld meir transfeitt enn det som er grensa i Danmark. Danmark har dei strengaste krava i EU, som er maksimalt 2 gram per 100 gram feitt.

Det er frivillig om ein vil merke at produktet inneheld transfeitt.

## **Vurderinga frå nemnda:**

### 1 Lovval

Spørsmåla klagar har stilt gjeld innhaldet av transfeitt i kaffi og andre varme drikker. Nemnda meiner at dette er produktspesifikk informasjon og at det difor er reglane i produktkontrollova som gjeld. Klagenemnda har med heimel i miljøinformasjonslova § 19 grunnlag for å behandle saker også etter produktkontrollova § 10.

Kravet om informasjon kan rettast til "*produsent, importør, bearbeider, omsetter eller bruker av produktet.*" Christiania Kaffebryggeri omsett produkta og har difor plikt til å svare.

### 2 Helse skade eller miljøforstyrring

Produktkontrollova § 10 heimlar retten til informasjon om "*komponenter eller egenskaper*" som kan gje "*helse skade*" eller "*miljøforstyrrelse*", jfr § 1 i lova. Nemnda må ta stilling til om transfeitt er ein komponent som kan medføre slik skade eller forstyrring.

Mattilsynet og Sosial- og helsedirektoratet har gjort ei kartlegging av innholdet av transfettsyre i matvarer på den norske marknaden. Sosial og helsedirektoratet opplyser at

*"Transfettsyre er en bestanddel i fett og finnes naturlig i melk og kjøtt fra drøvtyggere som storfe og lam. Transfettsyrene i melk og kjøtt utgjør mellom 3-6 prosent av fett. I tillegg er det et industrielt framstilt transfett. Det er herdet, det vil si at man prøver å gjøre fiskefett og vegetabiliske oljer hardere og tilpasse dem til teknologisk framstilling. Denne typen transfett brukes for å gi mat lengre holdbarhet, og finnes for eksempel i kjeks og kaker. Transfett kan også dannes når man bruker oljer til steking på høye temperaturer. Transfettsyre kan øke risikoen for hjerteinfarkt, og inntaket bør derfor begrenses."*

Direktoratet skriv på sine heimesider [www.shdir.no](http://www.shdir.no) at ein ser ein nedgang i inntaket av transfettsyre, men at inntaket av meitta feitt framleis bør reduserast gjennom å velje magre kjøtt- og meieriprodukt.



Nemnda legg til grunn at transfeitt i næringshaldige produkt kan føre til helseskade. Nemnda viser spesielt til risikoen for hjerteinfarkt og til at det, sjølv om noko transfeitt finst naturleg i maten, er forbunde med helserisiko å få i seg for mykje av slikt feitt.

Nemnda vurderer etter dette at både spørsmålet om kva produkt som inneheld transfeitt og spørsmålet om mengda av slikt feitt i produkta er spørsmål som Christiania Kaffebryggeri pliktar å svare på.

### 3 Er informasjonsplikta oppfylt?

Under saksførebuinga har Christiania Kaffebryggeri etter forespurnad frå nemnda opplyst at når dei i tilsvaret på spørsmål om produkt med transfeitt har svart "sjokoladedrikken", så gjeld dette også dei andre produkta med sjokoladeinnhald. Konkret dreier dette seg om dei tre produkta med namnet "sjoko-" i seg, samt produktet "Wienermelange". Med andre ord inneheld fire av totalt åtte produkt transfeitt. Etter presiseringa frå Christiania Kaffebryggeri, har nemnda kome til at innklaga har svart tilstrekkeleg på spørsmålet om kva produkt som inneheld transfeitt.

Når det gjeld spørsmålet om mengd, har innklaga opplyst at innhaldet ligg under lovleg grense og i tillegg under grensa i Danmark som er 2 gram per 100 gram feitt. Innklaga har ikkje svart meir detaljert på dette. Dei har heller ikkje lagt ved dokumentasjon.

Når det gjeld spørsmålet om innhald, viser nemnda til avgjerda 2006/01 mot Expert Bonus Skien. I saka uttaler nemnda at (utdrag);

*"Expert Bonus oversender også et håndskrevet ark nedtegnet "mindre 0,1 %" og "aspest mindre enn 0,1%". Det må antas at førstnevnte er et svar på klagers spørsmål en og to. Dette kan neppe sies å gi et forståelig svar på klagers spørsmål. Nemnda kan på dette grunnlag ikke se at innklagde har besvart noen av klagers spørsmål tilfredsstillende."*

Saka mot Expert Bonus Skien gjaldt innhald og det var ikkje spurt direkte om mengd. Sjølv om sakene difor ikkje er direkte samanliknbare, har nemnda i saka mot Expert uttalt seg om kva presisjonsnivå som bør gjelde når det gjeld svar på spørsmål om innhald i produkt.

Nemnda erkjenner at det er frivillig om det skal opplyst på produktet at det inneheld transfeitt. Retten til å få og plikta til å gje informasjon etter § 10 er likevel sjølvstendig og må vurderast uavhengig av dette. Nemnda viser spesielt til lovformålet og til mengd som eit viktig mål når det nettopp gjeld mulegheita til å gjere nytte av den etterspurt informasjonen.

I tillegg legg nemnda til grunn at det vil vere relativt enkelt å skaffe svar på spørsmålet. Christiania Kaffebryggeri bør enten ha dokumentasjon på kva mengd transfeitt som finst i desse produkta eller kunne framskaffe slik dokumentasjon frå underleverandørar. Etter dette kjem nemnda til at Christiania Kaffebryggeri ikkje har svart god nok på spørsmålet om mengd.



**Vedtak:**

Med heimel i Lov om rett til miljøinformasjon og deltakelse i offentlige beslutningsprosesser § 19, jfr Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester § 10, gjer nemnda dette vedtaket:

- Christiania Kaffebryggeri AS må innan 30 dagar frå datoen for dette vedtaket svare på spørsmålet om kor mykje transfeitt som er i produkta dei leverer.

Vedtaket er endeleg og partane kan ikke klage. Vedtaket er særleg tvangsgrunnlag etter Lov av 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdelsesloven) kapittel 13 og kan bringast inn for domstolane.

Oslo, 4. mai 2007

Jan Fougner  
Leiar

Line Andersen

Svein Martin Søgren